

Tertialrapport 2 - 2011



Tertialrapporten gir eit
oversyn over rekneskapan
for Radøy kommune
pr 31. august 2011



Rapporten for andre tertial 2011 er eit kortfatta oversyn over drifta i Radøy kommune i perioden 1.1. - 31.08.2011.

Rapporten syner nokre av dei sentrale rekneskapsrapportane, hovudoversikt drift, skjema 1A og 1B. I tillegg er det teke inn eit oversyn over investeringskostnadene som er påkomne så langt i året - i skjema 1B og 2B. Det vert også lagt fram balanse pr 31.08.2011

Det er viktig å merka seg at rekneskapsen ikkje er fullstendig avslutta og avstemt pr 31.08.2011, og at fullstendig periodisering ikkje er gjennomført.

Hovudoversikt og skjema 1A

Hovudoversikta syner at både driftsinntekter og -utgifter har auka noko samanlikna med 2010. Samanlikna med fjoråret har driftsinntektene auka ca 8,4%, medan driftsutgiftene har auka med ca 5,8%. Dette er isolert sett ei positiv utvikling. På same tid i 2010 hadde driftsinntektene auka med 3,6%, medan driftsutgiftene hadde auka med 5,8% samanlikna med året før.

Vi ser at rammetilskotet aukar mykje, medan overføringar og skatt på inntekt og formue går ned.

Brukarbetalingar går litt ned i høve til i fjor. Det er ikkje noka eintydig eller systematisk årsak til dette. Dei fleste betalingssatsane er uendra frå 2010.

Andre sals- og leigeinntekter har auka ca 9%, og skriv seg først og fremst frå Radøy matsørvis, som hadde større leveransar til Austrheim kommune i første halvår.

Overføringar med krav til motyting har gått ned med ca 21% frå i fjor. Dette skuldast først og fremst omlegging av tilskot til barnehagar, som inngår i rammetilskotet for 2011. Refusjon sjukepengar og foreldrepengar har gått frå 8,1 mill i fjor til ca 7,2 mill i år.

Rammetilskotet har auka mykje, ca 54%, i høve til i fjor, og rammetilskotet sin del av samla inntekter har også auka kraftig, frå 29,8% i fjor til ca 42% i år. I rammetilskotet inngår også inntektsutjamninga.

Skatt på inntekt og formue har til gjengjeld gått ned, og er no redusert til ca 26,7% av driftsinntektene, mot i fjor ca 31,5%. Dette er også i samsvar med sentrale føringar for inntektssystemet.

Skatteinngangen i Radøy kommune er urovekkjande låg, og vi ligg no lågast i Hordaland, med 78,8% av landsgjennomsnittet. Vi er den einaste kommune i Hordaland under 80%.

Men fordi skatteinngangen for heile landet er betre enn pårekna, vil vi gjennom inntektstutjamninga få kompensert for svikten.

Eigedomsskatten har auka ca 1,7% i høve til ifjor. Dette skuldast at takstane frå 2008 står uendra i 10 år, og dermed blir det berre nye bygg som gir auka eigedomsskatt i perioden fram til omtaksering i 2018.

Lønsutgiftene har auka med ca 7,5% frå i fjor, og har også auka som del av totale utgifter. Mykje av dette skuldast eit godt lønsoppgjør både i fjor og i år. Også aktivitetsauke i barnehagane fører til auke i samla lønskostnader.

Lønsveksten fører også til at pensjonskostnaden vil auka. Utslaga i 2011 vert knapt nemnande, men vi ser alt no at varsla pensjonspremie for 2012 blir nær 50% høgare enn premien for 2011. Gode lønsoppgjør, kombinert med låge renter og svak utvikling internasjonalt, gjer at vi skyv framfor oss ei stadig tyngre pensjonsforplikting.

Kjøp som inngår i kommunal produksjon aukar noko frå i fjor, medan kjøp som erstattar eigenproduksjon går noko ned. Ein har vorte meir medviten på skilnaden mellom desse to kostnadstypene, slik at bokføringa er meir korrekt i 2011.


Brutto driftsresultat er noko betre enn i fjor på same tid, men det skuldast mellom anna at ein pr august har fått ca 71% av eit auka rammetilskot, og ca 62% av ein redusert skatteinngang. Drifta er såleis ikkje betre enn i fjor, men inntektene periodiserer seg noko annleis.

Renteinntekter blir noko høgare enn budsjettert. Unyttå lånemidlar og ledig likviditet blir plassert på særtilkår, og gir ca for tida 3,4% rente.

Det er no avklåra at ekstraordinært aksjeutbytte frå BKK skal først i investeringsrekneskapsen. Så langt er kr 939.257 av dette utbyttet ført i driftsrekneskapsen i 2011, og denne summen må overførast til investeringsrekneskapsen. Budsjettert må endrast tilsvarande. Det vert lagt fram eiga sak om budsjettdring for å retta på dette. Føringa vil svekka driftsresultatet når den blir gjort.

Renteutgiftene i rekneskapsen syner ein nedgang på nær 5% i høve til i fjor. Dette skuldast ikkje lågare rente, men ulik periodisering av betalte renter. I 2010 vart det bokført renter i august som eigentleg skulle vore ført i september. Korrigerer ein for dette, har rentekostnadene auka med ca 6% samanlikna med i fjor. Denne auken skuldast først og fremst auka gjeld, men i nokon grad også auka rentenivå i 2011 i høve til 2010. Rentekostnaden kjem til å bli ca 500.000 lågare enn budsjettert, då rentenivået har auka mindre enn det vart lagt til grunn i budsjettert.

Skatteinngang iht budsjett pr mnd



Hovudoversikt drift

2. tertial 2011	Til no i 2011	%	Budsjett, regulert	Same periode 2010	% i fjor	Rekneskap 2010
Brukarbetalingar	(10 409 213)	5,0 %	(16 059 000)	(10 599 039)	5,5 %	(16 954 543)
Andre sals- og leigeinntekter	(18 543 568)	8,8 %	(26 620 000)	(16 956 309)	8,8 %	(27 937 102)
Overføringar med krav til motytingar	(27 686 906)	13,2 %	(32 441 000)	(34 892 345)	18,0 %	(56 830 546)
Rammetilskot frå staten	(88 615 669)	42,2 %	(124 956 000)	(57 656 064)	29,8 %	(85 081 826)
Andre statlige overføringar	(1 196 374)	0,6 %	(4 349 000)	(4 875 400)	2,5 %	(8 580 361)
Andre overføringar	(47 381)	0,0 %	-	(288 368)	0,1 %	(523 219)
Skatt på inntekt og formue	(55 957 440)	26,7 %	(90 618 000)	(61 071 012)	31,5 %	(96 605 106)
Eigedomsskatt	(7 395 120)	3,5 %	(11 040 000)	(7 270 968)	3,8 %	(10 905 429)
Sum driftsinntekter	(209 851 671)	100,0 %	(306 083 000)	(193 609 505)	100,0 %	(303 418 131)
Lønsutgifter	114 624 918	54,7 %	171 094 000	106 577 837	53,9 %	171 130 646
Sosiale utgifter	30 475 061	14,5 %	46 413 000	29 046 277	14,7 %	44 025 220
Kjøp som inngår i kommunal prod.	33 500 217	16,0 %	40 807 000	31 821 673	16,1 %	48 672 467
Kjøp som erstattar egen prod.	11 717 244	5,6 %	14 027 000	11 865 501	6,0 %	16 656 980
Overføringar	9 910 749	4,7 %	16 803 000	9 687 467	4,9 %	15 272 259
Avskrivningar	7 950 000	3,8 %	11 913 000	7 310 000	3,7 %	11 926 412
Fordeelte utgifter	1 452 915	0,7 %	2 310 000	1 398 250	0,7 %	2 397 602
Sum driftsutgifter	209 631 104	100,0 %	303 367 000	197 707 005	100,0 %	310 081 587
Brutto driftsresultat	(220 567)	0,1 %	(2 716 000)	4 097 500	-2,1 %	6 663 455
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	(7 827 275)		(8 363 000)	(7 251 017)		(8 515 156)
Mottekne avdrag på lån	(18 700)		(60 000)	(13 240)		(23 740)
Sum eksterne finansinntekter	(7 845 975)		(8 423 000)	(7 264 257)		(8 538 896)
Renteutgifter, provisjon og andre finans	4 244 124		7 373 000	4 459 687		5 254 127
Avdragsutgifter	4 891 118		6 967 000	4 722 819		6 344 194
Utlån	14 000		60 000	-		-
Sum eksterne finansutgifter	9 149 242		14 400 000	9 182 506		11 598 321
Resultat eksterne finansieringstrans:	1 303 267	-0,6 %	5 977 000	1 918 249	-1,0 %	3 059 425
Motpost avskrivningar	(7 950 000)		(11 926 000)	(7 310 000)		(11 926 412)
Netto driftsresultat	(6 867 300)	3,27 %	(8 665 000)	(1 294 251)	0,67 %	(2 203 531)
Bruk av disposisjonsfond	(68 524)		-	-		(482 976)
Bruk av bundne fond	(51 381)		-	(130 549)		(210 044)
Sum bruk av avsetningar	(119 905)		-	(130 549)		(693 020)
Overført til investeringsrekneskapen	110 000		2 612 000	-		326 000
Avsetningar disposisjonsfond	512 417		-	-		1 419 139
Avsetningar til bundne fond	-		294 000	135 000		1 151 413
Sum avsetningar	622 417		2 906 000	135 000		2 896 552
Netto avsetningar	502 512		2 906 000	4 451		2 203 531
Meir (mindre) forbruk	(6 364 788)		(5 759 000)	(1 289 800)		-

Avdragsutgiftene er ikkje korrigerert for tilpassing til minsteavdrag, noko som ville gitt ligg ca 200.000 lågare avdragskostnad enn det som faktisk er bokført. Det er grunn til å tru at faktiske avdrag vil samsvara med budsjett.

Skjema 1B

Totalen i skjema 1B syner etter måten stor vekst frå 2010. Mykje av dette skuldast innlemming av barnehage-tilskotet i rammene. Ser ein bort frå barnehagane, vert veksten likevel ca 8,8%. Dette er meir enn det ein skulle venta ut frå løns- og prisvekst, og tyder på auka aktivitetsnivå og utanom barnehagane.

Tilbakemeldingane frå einingane varierer litt. Dei fleste er nokonlunde i rute, men ikkje alle. Radøyhallen har ekstraordinære vedlikehaldskostnader på ca kr 150.000, og det vil bli lagt fram sak om tilførsle av budsjettmidlar her.

Fellesteneste skule/barnehage har stort overforbruk. Dette skuldast først og fremst refusjonar til andre kommunar for born i private barnehagar og forsterbarn i andre kommunar. På årsbasis vil det kunna bli eit meirforbruk på 2 - 2,5 mill.

Nokre av skulane ligg noko høgt på forbruk, men dette skuldast i stor grad at ein del kostnader er påkomne for

heile året, og at det dermed blir redusert avvik resten av året.

Ved Velferdssenteret ser ein ei omlegging til fleire korttidsplassar, med lågare eigenbetaling. Dette gir ein svikt i eigenbetalinga på ca kr 200.000 årsbasis. Vidare har ein måtta kjøpa inn ein del nye senger, m a. som førebuing til samhandlingsreforma.

Heimetenesta har hatt større utgifter til service og vedlikehald på teknisk utstyr, til rep og vedlikehald av bilar leige av personell. Eininga arbeider for å dekkja dette opp gjennom innsparring resten av året.

BF-tenesta har høgare lønsforbruk

Skjema 1A

2. tertial 2011	Til no i 2011	%	Regulert budsjett	Til no i fjor	% i fjor	2010
Skatt på inntekt og formue	(55 957 440)	36,6 %	(90 618 000)	(61 071 012)	48,2 %	(96 605 106)
Ordinært rammetilskot	(88 615 669)	57,9 %	(124 956 000)	(57 656 064)	45,5 %	(85 081 826)
Eigedomsskatt	(7 395 120)	4,8 %	(11 040 000)	(7 270 968)	5,7 %	(10 905 429)
Andre generelle statstilskot	(1 048 374)	0,7 %	(4 099 000)	(617 278)	0,5 %	(3 736 902)
Sum frie disponible inntekter	(153 016 603)	100,0 %	(230 713 000)	(126 615 322)	100,0 %	(196 329 263)
Renteinntekter og utbyte	(7 827 275)		-8 363 000,00	(7 251 017)		(8 515 156)
Renteutgifter, provisjonar og andre finansu	4 244 124		7 373 000,00	4 459 687		5 254 127
Avdrag på lån	4 891 118		6 967 000,00	4 722 819		6 344 194
Netto finansinntekter/utgifter	1 307 967	100,0 %	5 977 000	1 931 489	100,0 %	3 083 165
Til ubundne avsetjingar	-		-	-		47 073
Til bundne avsetjingar	-		-	-		-
Bruk av ubundne avsetjingar	-		-	-		-
Bruk av bundne avsetjingar	-		-	-		-
Netto avsetjingar	-		-	-		47 073
Overført til investeringsrekneskapen	-		2 612 000	-		326 000
Til fordeling drift	(151 708 636)		(222 124 000)	(124 683 833)		(192 873 025)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	145 343 849		216 378 000	123 394 032		192 873 025
Meir (mindre) forbruk	(6 364 787)	-4,2 %	(5 746 000)	(1 289 801)	-1,0 %	-

Skjema 1B

2. tertial 2011	Til no i 2011	Forbruk % i år	Budsjett, regulert	Same periode i fjor	Endring %-vis frå i fjor	Rekneskap 2010
Politisk	1 460 524	58,8 %	2 484 000	1 607 777	-9,2 %	2 378 121
Sentraladministrasjonen	10 870 560	67,4 %	16 133 000	9 810 690	10,8 %	14 813 329
Kultur	1 031 582	39,6 %	2 602 000	1 038 615	-0,7 %	1 856 781
Radøyhallen	1 311 550	92,0 %	1 426 000	1 009 877	29,9 %	1 709 484
Kyrkja	2 539 336	65,3 %	3 886 000	1 773 168	43,2 %	2 901 943
Fellesteneste skule/SFO/BH	3 686 387	104,8 %	3 519 000	(2 071 003)	-278,0 %	(760 601)
Austebygd skule/SFO	3 916 819	62,1 %	6 308 000	3 756 447	4,3 %	6 052 054
Hordabø skule/SFO	6 588 454	68,5 %	9 617 000	5 891 889	11,8 %	9 293 000
Manger skule/SFO	8 203 515	67,0 %	12 241 000	8 545 604	-4,0 %	12 892 000
Sæbø skule/SFO	8 432 864	65,7 %	12 833 000	7 663 589	10,0 %	12 600 000
Radøy ungdomsskule	13 412 813	65,0 %	20 636 000	12 979 613	3,3 %	21 129 901
Radøy bibliotek	742 569	62,3 %	1 192 000	764 147	-2,8 %	1 175 000
Austebygd barnehage	1 175 639	63,0 %	1 865 000	223 732	425,5 %	467 112
Bø barnehage	3 572 686	58,2 %	6 141 000	537 520	564,7 %	929 621
Prestmarka barnehage	5 832 853	64,4 %	9 057 000	1 523 842	282,8 %	2 223 634
Sæbø barnehage	3 741 813	66,9 %	5 597 000	673 670	455,4 %	1 399 671
Radøy musikk- og kulturskule	1 019 621	65,7 %	1 552 000	904 020	12,8 %	1 428 006
NAV Radøy sosial	4 739 921	61,9 %	7 659 000	4 078 015	16,2 %	6 337 740
Frivilligsentralen	162 950	43,8 %	372 000	144 162	13,0 %	385 081
Helsetenester	5 049 562	60,4 %	8 356 000	4 529 804	11,5 %	7 822 527
Velferdssenteret	19 864 231	67,3 %	29 530 000	19 909 727	-0,2 %	28 183 762
Heimetenesta	13 853 915	68,7 %	20 152 000	12 617 963	9,8 %	19 009 461
BF-tenesta	12 143 327	69,8 %	17 400 000	11 481 065	5,8 %	18 867 349
Radøy matsørvis	(430 320)	154,8 %	(278 000)	(311 895)	38,0 %	(307 000)
Radøy interkommunale busent	2 653 039	59,9 %	4 429 000	2 161 186	22,8 %	3 974 095
Barne- og familietenesta	13 456 304	70,8 %	19 004 000	13 391 098	0,5 %	18 986 845
Plan, Næring, Teknisk	1 635 853	57,1 %	2 866 000	2 103 650	-22,2 %	3 422 090
Landbrukskontor	584 690	53,8 %	1 087 000	1 120	0,0 %	10 858
Teknisk drift, inkl VAR-område	4 077 982	74,1 %	5 502 000	4 927 814	-17,2 %	6 350 579
Reguleringspostar	(9 987 188)	59,4 %	(16 803 000)	(8 272 874)	20,7 %	(12 659 418)
Sum drift	145 343 851	67,2 %	216 365 000	123 394 032	17,8 %	192 873 025

Skjema 2A

2. tertial 2011	Til no i 2011	Budsjett, regulert	Til no i fjor	2010
Investeringar i anleggsmidlar	14 543 975	43 492 000	8 640 603	13 335 658
Utlån og forskutteringar	2 900 000	3 000 000	1 950 000	4 350 000
Avdrag på lån	1 594 638	-	1 516 896	2 075 017
Avsetningar	60 000	-	-	1 534 914
Trong for finansiering i året	19 098 613	46 492 000	12 107 499	21 295 589
Bruk av lånemidlar	(2 900 000)	(38 993 000)	(1 950 000)	(6 504 369)
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-	(2 000 000)	(1 174 324)	(4 307 943)
Tilskot til investeringar	(1 000 000)	-	-	(2 650 000)
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	(2 160 540)	-	(1 876 005)	(3 670 061)
Andre inntekter	(2 812 200)	(2 887 000)	(2 772 300)	(3 014 174)
Sum ekstern finansiering	(8 872 740)	(43 880 000)	(7 772 629)	(20 146 547)
Overført frå driftsrekneskapen	-	(2 612 000)	-	(326 000)
Bruk av avsetjingar	(60 000)	-	-	(823 042)
Sum finansiering	(8 932 740)	(46 492 000)	(7 772 629)	(21 295 589)
Udekk/udisponert	10 165 873	-	4 334 870	-

enn budsjettert. Dette skriv seg frå endringar hos tenestemottakarane, og flytting av brukar til heimetenesta. Auka lønskostnad gir også auka refusjon frå staten. Netto auka i driftskostnadene ser ut til å verta ca kr 550.000 på årsbasis.

Barne- og familietenesta har noko høgare forbruk enn pårekna. Dette skuldast refusjonar frå BUF-etat som førebels ikkje er ført og kostnader til ekstern konsulent i barnevernet for å avhjelpa sakshandsaminga. Refusjonane vil koma, men kostnader til ekstern konsulent er ikkje budsjettert. Samstundes er det innsparingar på andre område, og årsverknaden er førebels usikker.

Kostnaden til vedlikehald av kommunale vegar ligg høgt, nær 100% av budsjettet er alt brukt. Dersom vi får nok eit år med tidleg snøfall, kan overskridingane her blir store. Generelt ser ein at kostnader til service og vedlikehald på teknisk utstyr aukar, og einingane må tilførast midlar for å få samsvar mellom budsjett og faktiske tilhøve. Mykje av dette vil bli henta frå ein avsett fellespost.

Einingane har også fått tilført vedlikehaldsmidlar i samsvar med forbruk pr 31.8.2011, men det er svært lite igjen av avsette midlar til resten av året.


Kostnaden til Norsk Pasientskaderer-

statning har auka med ca kr 90.000 i høve til budsjett.

Totalt sett ser det ut til at vi vil få overskridingar på ca 3,5 mill i 2011. Dette betyr at mindreforbruket vert redusert frå 5,759 mill til ca 2 mill.

Dersom november og desember blir kalde og snørike, vil resultatet bli ytterlegare forverra.

Sjuekefråvere



Skjema 2B

2. tertial 2011	Til no i år	Budsjett, regulert	Til no i fjor	2010
Kulturminnevern	-	100 000	-	-
Bygdebok	414 516	852 000	442 081	1 234 619
Ungdommens hus	5 727	-	-	-
Tribune Radøyhallen	-	-	111 053	111 053
Utskifting filteranlegg hovedbasseng	-	-	407 417	823 013
Solarium	-	-	-	119 059
Sæbø kyrkje oppgradering 2007-10	-	-	350 000	350 000
Parkeringsplass Sæbø kyrkje	213 438	-	-	-
Investering kyrkjer	420 000	420 000	-	-
Sæbø kyrkjegard	-	-	88 812	88 812
Skule/barnehageadm program	-	-	84 328	84 328
IP telefoni Barne- og familie	-	-	108 081	108 081
Plotter	-	-	-	152 902
Mindre investeringar	-	1 000 000	-	-
Ladepunkt for el-bil	-	-	214 030	273 430
Austebygd skule tak	-	500 000	-	-
Manger skule utbygging	37 500	6 000 000	87 577	87 577
Manger skule SD-anlegg	-	-	613 152	613 152
Manger skule gjerde	-	200 000	-	-
Utbygging Sæbø skule	58 328	1 500 000	62 529	93 203
Oppgradering Radøy ungdomsskule 20	-	3 000 000	-	-
Radøy ungdomsskule utskifting vindu	875 834	-	-	-
Bø barnehage oppgradering	236 685	500 000	44 850	115 504
Bø barnehage nye plassar 2010/11	165 690	-	361 063	1 161 315
Vognskur	153 299	-	6 227	1
Ombygging Sæbø barnehage 2009	-	-	82 190	82 190
Legekantor ombygging	-	-	79 061	-
Velferdssenteret utbygging 2007-09	-	-	65 456	65 456
Parkeringsplass ved Velferdssenteret	-	-	-	131 500
Oppgradering kjøkken	41 652	-	64 611	1 183 113
Heimetenesta - ny bil	245 300	280 000	-	-
Trygdebustader Lunde	-	-	-	5 754
Omsorgsbustader Prestbrekka	6 774 600	15 000 000	-	-
Radøy arbeidssenter	33 750	-	2 453 577	2 794 027
GPS utstyr	-	-	5 715	-
Startlån (lån)	2 900 000	3 000 000	1 950 000	3 526 958
Startlån (fond)	-	-	-	823 042
Oppgradering fasade	-	500 000	-	-
Dale grendahus oppgradering	584 800	590 000	-	-
Hesthaugen	1 292 073	1 300 000	-	-
Austmarka øvre	-	4 000 000	-	-
Dugnadsanlegg	-	200 000	-	-
Vassprosjekt 2007-11	-	5 000 000	14 840	-
Ringleidning Kartveit - Kolåseidet	240 068	300 000	2 218 361	2 931 461
Oppgradering driftssentral vatn	604 866	-	-	-
Bil SU4205 - kloakk og vaktmestertene:	-	-	117 805	117 805
Bil SD 55460	277 250	300 000	-	-
Brannvernustyr	-	150 000	-	-
Oppgraderingar 2008-11	1 259 977	1 000 000	-	-
Trafikksikring	-	200 000	-	-
Finanstransaksjonar	610 435	600 000	559 217	609 967
SUM	17 445 788	46 492 000	10 592 033	17 687 322

Balanse

2. tertial 2011	2011	2010
Pensjonsmidlar	287 456 347	287 456 347
Aksjer og andelar	95 381 452	94 771 017
Utlån	20 709 060	19 907 466
Utstyr, maskiner og transportmidlar	29 697 310	29 697 310
Faste eigedomar og anlegg	308 451 304	308 451 304
Anleggsmidlar	741 695 474	740 283 445
Kasse, bank	64 892 934	39 341 010
Kortsiktige fordringar	15 367 359	22 144 584
Premieavvik	11 828 791	11 828 791
Omløpsmidlar	92 089 084	73 314 385
Eigendelar	833 784 558	813 597 830
Bundne driftsfond	(5 247 653)	(4 754 391)
Ubundne investeringsfond	(4 126 012)	(4 066 012)
Bundne investeringsfond	(1 013 856)	(1 013 856)
Disposisjonsfond	(4 088 731)	(4 161 685)
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK (drift)	527 080	527 080
Kapitalkonto	(234 578 658)	(229 557 686)
Eigenkapital	(248 527 829)	(243 026 549)
Pensjonsforplikting	(321 382 953)	(321 382 953)
Andre lån	(224 445 759)	(204 954 702)
Langsiktig gjeld	(545 828 712)	(526 337 655)
Anna kortsiktig gjeld	(42 860 497)	(43 865 020)
Premieavvik	(368 606)	(368 606)
Kortsiktig gjeld	(43 229 103)	(44 233 626)
Eigenkapital og gjeld	(837 585 643)	(813 597 830)
Ubrukte lånemidlar	38 709 036	15 609 036
Motkonto for memoriakonti	(38 709 036)	(15 609 036)
Memoriakonti	-	-
Sum	(3 801 085)	-

Investeringsrekneskapen

Det er førebels investert for ca 17,4 mill. Dei viktigaste postane er nye bustader i Prestbrekka, kjøp av hus i Hesthaugen og oppgradering av vegar i 2011.

På prosjekt Manger skule er det ikkje starta direkte arbeid, men planprosessen er godt i gong.

Ved Sæbø skule er arbeidet godt i gong, og arbeidet vil halda seg innafor gitt investeringsramme.

Ved Radøy ungdomsskule er arbeidet godt i gong. Vindu er skifta ut og arbeidet med kjøkkenet vil bli gjennomført i løpet av hausten.

Låneopptak er gjort i samsvar med vedteke budsjett. Av balansen vil ein sjå at unytta lånemidlar har auka til ca 38,7 mill. Dette gjer at likviditeten framleis er bra.

Ilfø finansreglementet skal det rapportert på kommunen sine finansplasseringar.

Radøy kommune har no berre plasseringar på særvilkårskonto i bank. Plasseringane er gjort i to ulike bankar, for å sikra risikospreiing. Pr 30.8.2011 var det plassert ca 37,9 mill på særvilkår, av desse er ca 15,2 mill i Storebrand Bank.

Avkastninga går fram av det øvste diagrammet, der renteutviklinga både på inn- og utlån er tekne med, saman med styringsrenta.

Pårekna utvikling av styringsrenta går fram av det nedste diagrammet. Renteutviklinga i tida som kjem er uviss. Rentebana etter siste rentemøte i Noregs Bank er noko lågare enn tidlegare.

Lånegjelda er no ca 224 mill, medrekna startlån til vidare utlån. Lån i Kommunalbanken til vanlege investeringar utgjør no 201,2 mill, mot 183 mill pr 1.1.2011.

Avdragsnivået vert tilpassa minsteavdrag gjennom at eitt lån i Kommunalbanken blir konvertert til eit avdragsfritt lån. Årleg avdrag blir så justert for å tilpassa minsteavdrag best mogeleg. Etter gjeldande finansreglement er det høve til å ta opp avdragsfrie lån.

